

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.02.2017

I møtet den 01.02.2017:

Kl. 09:00-09:30: Orientering om arbeidet med Handlingsplan for likestilling, likeverd og inkludering v/stabsleiar Birte Markeseth Aasen, Organisasjons- og økonomiavdelinga.

Kl. 09:30-09:50: Orientering om Regional plan for kompetanse og arbeidskraft, V/Camilla Løvås Stavnes, Regonalavdelinga.

Neste møte i AU-RMNF er den 05.05.2017. Ein vil då vurderer om det er behov for å kome med ein uttale til Handlingsplan for likestilling, likeverd og inkludering.

Administrasjonen vil ta kontakt med Mobbeombod Marie Kristine Morberg, med tanke på ei orientering på neste møte i rådet den 05.04.2017.

Invitasjon til Temadagen for råda den 27.03.2017, vil verte sendt ut innan kort tid.

Representanten Inge Fiskvik (FFO) hadde fylgjande oversendingsspørsmål til Samferdselsavdelinga:

«RMNF har fått opplyst at det vil bli utsendt eit brev frå Samferdselsdepartementet kor fylkeskommunane kan søkja om ei utvida ordning for tilrettelagt transport for menneske med særlege behov, rullestolbrukarar og blinde/sterkt svaksynte. Vi ber om at Hordaland fylkeskommune vil prioritera arbeidet med ein søknad og etablere eit godt samarbeid med interessenter i utarbeidinga av søknaden der ein sikrar eit tilstrekkeleg tilbod til gruppene.»